



Oppskrifta på eit godt og velfungerande lokalsamfunn

# Program for Giske Høgre 2023–2027

# Mulegheiter for alle



Kenneth Langvatn - ordførarkandidat

Vår fantastiske heimstad, Giske kommune, er rik på kvalitetar for både buande, besøkande og næringsdrivande. Vi har bustadområder og natur som mange berre kan drøyme om. Dette gjer oss stolte. Vår kommune har óg landbruk, fiskeri og næringsområder med enorme mulegheiter.

Kvalitetane gir oss også eit ansvar, når vi skal forvalte og utvikle dette for framtida. Kortsiktig perspektiv og gevinst kan stå i vegen for dei beste løysingane som sikrar best vilkår på sikt. Her spelar alt inn - til dømes organisering av omsorgstenester, jordvern for eit varig landbruk, næringsarealforvaltning, sentrumsutvikling for handel og servicetenester og ikkje minst tidleg innsats i skulen. Dette og mykje meir ligg i hendene på dei frivillige, folkevalde representantane for lokalsamfunnet. Her kjem både erfaring og ungt sinn til nytte når nye idear skal omformast til løysingar på stadig nye utfordringar.

Giske kommune skal framstå som ei opa og serviceinnstilt kommune. Innbyggjarar og gjestar skal møtast med respekt, toleranse og løysingar som i størst mogleg grad er tilpassa den enkelte sitt behov. Giske Høgre vil vere med å gi deg som innbyggjar eit tilbod som kan skape trivsel og bulyst, med følgjande verdier

- tillit til enkeltmennesket
- omsorg til den som treng det
- ansvar og fridom til å forme eige liv
- respekt og samhald menneske imellom
- samspel mellom personleg fridom og sosialt ansvar, og privat, offentleg og frivillig fellesskap

Godt val!

Kenneth Langvatn  
ordførarkandidat

## Skule og barnehage

Grunnlaget for eit godt sjølvstendig liv for våre born og unge vert lagt i heimen, i barnehagen og i skulen. Sosial kompetanse og lese- og skrivekunnskap er viktige grunnleggande ferdigheiter som skal utviklast i barnehagen og i skulen. Giske har gått føre i bruken av ny teknologi i skulen. Utrulling av nettbrett har vist seg å vere forløysande for lese- og skrivekunsten blant dei yngste. Og det opnar i større grad opp for tilpassa opplæring, der ein gir interessante utfordringar til kva einskild sitt meistringsnivå. Mulegheitene innan digitalisering er mange, og Giske Høgre er opptekne av å ta desse i bruk.

Det er utfordringar i høve bygningsmassen på skular i Giske. Det er brei semje om å prioritere nye skulebygg ved Vigra skule, og Høgre har i førre periode fått gjennomslag for oppstart av forprosjektet med ny skule.



### Giske Høgre vil

- at bygging av ny Vigra skule er i gong i løpet av valperioden
- at gjeldande struktur i skulen står fast
- sikre rett verktøy for god læring, og vidareutvikle den digitale satsinga i oppvekstsektoren
- arbeide for at alle skulane i Giske vert dysleksivenlege skular enten gjennom eigne ordningar eller sentral godkjenning
- legge til rette for auka fysisk aktivitet i skulen og stimulere til eit sunnare kosthald
- at skulen tek i bruk fagleg sosial og psykososial kompetanse. Som til dømes miljøterapeutar og barnevernspedagogar, for å gi eit meir heilskapleg tilbod til born og unge med særskilde behov
- at skulen og barnehagane skal ha tilgong til eit tverrfagleg støtteapparat som tidleg kan fange opp utfordrande situasjonar og hindre negativ utvikling.

## Helse og omsorg

Eit velfungerande lokalsamfunn byggjer på at kvar og ein av oss tek ansvar for eigne liv og for eigne familiar. Dei som heilt eller delvis ikkje er i stand til dette, må få tilrettelagt hjelp frå det offentlege. Ei god kommune vert i stor grad målt på korleis den gir bistand og hjelp til den som treng dette.

Dei fleste eldre bur heime og vil bu heime så lenge som råd. Dersom dette skal vere muleg for fleire, treng vi eit mangfald av bustadløysingar som legg til rette for at fleire eldre kan leve sjølvstendige liv og kjenne seg trygg i eigen bustad. Høgre ynskjer å stimulere til bygging av bustader der det inngår fellesareal og servicefunksjonar. Slik bustader bør etablerast nær knutepunkta i kommunen, nær møteplassar, og der ein kan oppnå synergjar på tvers av generasjonar.



### Giske Høgre vil

- gi innbyggjarar i alle fasar av livet ein trygg og aktiv kvardag
- sikre lavterskeltilbodet som er etablert i psykisk helseteam for barn og unge
- utvikle psykisk helsetilbod i tråd med Høgre sitt «hjelp som hjelper»-program
- vidareutvikle bruken av velferdsteknologi, som eit av dei viktigaste virkemidla for å møte det stadig aukande behovet for omsorgstenester.
- legge til rette slik at ideelle organisasjonar og private aktørar også kan bidra til å auke valfridomen, tilbodet og kvaliteten i omsorgstenesta
- inkludere alderdom i kommuneplanlegginga med tilbod om aktivitet, tilpassa bustadar og rehabilitering, og alternative former for brukareigd omsorgsbustadar, i tråd med samfunnsdelen av kommuneplanen.

## Kultur og frivilligheit

Kultur skapar identitet og beriker våre liv. Eit aktivt og mangfaldig kultur- og friluftsliv er ei god investering med ringverknader inn i både oppvekst- og omsorgssektoren. Kulturlivet i Giske har stor betydning for kommunen sin attraktivitet og trivsel for både unge og eldre, men også for ny busetting og næringsetablering. Giske Høgre meiner at den kommunale kulturpolitikken skal etablerast og finne sin plass i eit positivt samarbeid og samvirke mellom uorganiserte, organiserte og kommersielle kulturtiltak.

Giske Høgre vil styrke innsatsviljen og lokalpatriotismen gjennom satsing på kulturelt mangfald og gode kommunale tenester, ved å

- sikre gratis leige av kommunale anlegg til lag og organisasjonar for dei yngste, og gjere skulen sine lokalar tilgjengeleg for kultur- og idrettsaktivitetar på ettermiddag- og kveldstid
- vidareutvikle det gode arbeidet ved Frivilligsentralen
- bidra til at kommunen til ei kvar tid har tilfredsstillande god kapasitet på idrettsanlegg
- utarbeide gode og forpliktande planar for å styrke samarbeidet mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar
- betre kulturskuletilbodet
- i større grad nytte dei frivillige organisasjonane som høyringsinstansar
- legge til rette for at flyktningar og innvandrarakar får møte breidda av frivilligheita for å finne aktivitetar som passer deira interesser

## Tilrettelegging for næring

Giske Høgre vil føre ein politikk som aktivt støtter opp om etablert næringsverksemd og legge til rette for vidareutvikling, men også for nyskaping, innovasjon og nyetablering.

### **Gjøsund hamn og næringsområde**

I løpet av valperioden er det venta å skje mykje næringsutvikling i tilknytning til Gjøsund og Sætra næringsområde. Her vil Giske Høgre at kommunen skal vere ein tilretteleggjar og medspelar for aktørane som vil satse, framfor å vere einsidig opptatt av utvikling av kommunalt eigde næringsareal. Den beste formuesbevaringa kommunen kan få ut av sine næringsareal er gjennom å bidra til etablering av privateigde arbeidsplassar med langsiktig verdiskaping for lokalsamfunnet.

Lokale næringsaktørar som treng areal for si vidareutvikling, bør få sjansen til å tiltre slikt areal der dette er tilgjengeleg for sal eller leige.

### **Reiseliv**

Giske Høgre vil støtte opp om utvikling av meir reiselivsnæring, og vere med å legge til rette for at det kan skapast meir overnattingsplassar. Dette kan gi positive ringverknader for andre aktørar som til dømes tilbyr handel og opplevingar.

## Landbruk

Tilgang til areal for landbruket er stadig trua av andre arealformål. I gjeldande kommuneplan er det avsett areal til bustadføremål som er tilstrekkeleg for ønska befolkningsvekst i mange tiår framover. Jordvern er eit av dei viktigaste politiske verkemidla vi har for landbruket, og Giske Høgre skal sikre den matjorda vi har i Giske til eit moderne og effektivt landbruk, gjennom fruktbar dialog med landbruksnæringa.

## Eigedomsskatt

For å sikre gode vilkår for næringslivet i kommunen vil det også vere viktig at skattar og avgifter er på eit lavast mogleg nivå. Giske Høgre har som utgangspunkt at kommunen skal drive sine tenester utan bruk av eigedomsskatt som inntektskjelde.



Illustrasjon av Gjøvsund hamn og næringsområde. Foto: Giske kommune

## Giske Høgre vil

- sikre ein god og effektiv sakshandsaming av søknader om etablering og vidareutvikling
- stimulere til bedriftsvekst, etablering av arbeidsplassar og næringsklynger
- bidra til å sikre gode og stabile rammevilkår for fiskeri, havbruk, landbruk og industri
- halde kommunale avgifter og gebyr så lave som mogeleg gjennom å påverke til effektiv drift i dei kommunale og interkommunale sjølvkosttenestene
- sette krav om lærlingar i bedrifter som har kommunalt samarbeid
- vidareutvikle kommunen sine næringsareal eller la næringsaktørar med betre føresetnader og kompetanse til dette få ta seg av dette.
- opprette og halde stadig ved like ein politisk kontakt til sentrale bedrifter og næringsliv i kommunen

# Miljø og bustadutvikling

Høgre sitt program om bustad- og næringsutvikling slår fast at planprosessane, regelverket og byråkratiet skal forenklast. I tillegg skal moglegheitene for statlege motsegn og flaskehalsar i byggesakshandsaminga begrensast. Dette er særleg viktig for vekstkommunen Giske.

Giske Høgre ynskjer å legge til rette for at ambisiøse og initiativrike aktørar innan næring, handel, bustad, servicetenester og rekreasjon får utvikle seg innanfor kommuneplanen sine definerte områder for dette. Både Sætra/Gjøsund og Ytterland har kvalitetar som legg til rette for etablering av kombinasjonar av alle dei nemnde formåla, og godt planarbeid må sørge for god utnytting av areala i desse områda.

Giske Høgre skal sørge for at Statens vegvesen stadig får kjenne på sitt ansvar som vegeigar av rv. 658 over Gjøsundbrua, der det står att å bygge gangveg over brua og avklare kryssløysinga ved Sætra. Det same gjeld for bygging av busslommer ved flyplassen, slik at til dømes lokale arbeidstakarar på flyplassen får bruke buss til og frå arbeidsplassen sin.

Tverrforbinelsar mellom fjell og fjøre, samt offentleg tilgong til turterreng må haldast høgst i prioriteringa mellom private og allmenne formål og behov. Der turløypetilkomsten er truga av kryssande interesser, må kommunen ta ei aktiv rolle på vegne av dei allmenne behova for tilkomst til naturen.



Giske Høgre vil

- ha differensiert bustadbygging, sett i ein samanheng med lokale tilhøve, men óg for å skape variasjon i nærmiljøet. Det er avgjerande å sjå på bustadbygging i ein samanheng med teknisk og sosial infrastruktur, transport og miljø
- realisere og etterleve kommunedelplanen som skal regulere bustadutviklinga i tråd med tilgjengeleg sosial og teknisk infrastruktur i kommunen
- legge til rette for idrett, leik og rekreasjon i lokalmiljøa
- sikre god tilkomst til turterreng frå alle bustadområder
- bruke klima- og miljø-verkemidla som ligg i \*Høgre sin klimameny\*

# Kommunen som arbeidsgjevar og serviceorgan

Giske kommune er ein viktig leverandør av tenester og service til innbyggerane. Samtidig er kommunen også ein viktig utøver av myndigheit, gjennom forvaltning av lover og forskrifter. I alle sine roller er det viktig at kommunen sine folk og tilsette er tilgjengelege, serviceinnstilt og opptrer løysingsorientert.

Kommunen er den største arbeidsgivaren. Vi meiner at det vert gjort ein god jobb i alle kommunen sine einingar og på alle nivå, men som på alle andre arbeidsplassar vil det vere viktig at ein ser etter forbedringspotensial og er innstilt på endring.



For å ha ein god kommune å ta kontakt med og arbeide i, vil Giske Høgre

- ha ein open kommune der prosessane er transparente alle stader det let seg gjere
- innføre heilelektronisk sakshandsaming og tenester der innbyggjarar enkelt får løyst sine oppgåver, og der terskelen for innbyggjarmedverknad vert redusert
- ha fokus på brukarane sine behov og ikkje la byråkratiske system og regelverk stå i vegen for gode løysningar
- etablere arenaer for dialog med innbyggerane og næringsliv for å utvikle og kvalitetssikre tiltak for utvikling av lokalsamfunna i Giske kommune
- sikre sunn og god drift og god økonomistyring av kommunen
- fastsette konkrete mål i forvaltning og tenesteproduksjon, og følge opp avvik frå oppsette mål
- gi leiarar opplæring og kompetanseheving til å verte endå betre leiarar, og samtidig gi ressursar og myndigheit til å utøve sitt leiarskap
- tilby medarbeidarar tilpassa opplæring, slik at tilsette kan utføre sitt arbeid på ein betre måte
- arbeide for å redusere sjukefråvær i Giske kommune gjennom arbeidsmiljøretta tiltak



# 10 grunnar til å stemme Høyre i Giske kommune

- Giske skal vere ein JA-kommune som folk vil trivast i og like å kome til
- Høyre vil halde nivået på skattar og avgifter nede
- Høyre vil sørge for ansvarleg styring, slik at kommunen over tid har ein berekraftig økonomi
- Høyre vil vidareutvikle den digitale satsinga i skulen, omsorgssektoren og teknisk eining
- Høyre vil at lavterskeltilbod som psykisk helseteam for barn og unge må styrkast
- Høyre meiner at vidareutvikling av helse- og omsorgstenestene er naudsynt for å møte auka behov
- Høyre skal gjere kommunen til ein medspelar for næringsaktørar i utvikling
- Høyre vil at Giske kommune skal vere ein god arbeidsgjevar for alle sine tilsette
- Høyre vil at kommunen skal yte hurtig og presis saksbehandling
- Med Høyre-ordførar får Giske ein ny kurs med tydeleg leiarskap som inviterer til samskaping og utvikling i fellesskap

## Kontakt

leiar og ordførarkandidat  
fylkessekretær M&R

Kenneth Langvatn  
Odd Harald Karlsen

klangvatn@gmail.com | 920 52 891  
moreogromsdal@hoyre.no | 928 03 307